

Frå kulingkast til silregn under solfesten

14.02.2012



**Sol, sol, kom igjen song barna i den kommunale barnehagen
på SPAR i føremiddag sjølv om det silregna.**

**Det var den tradisjonelle solfesten som gjekk av stabelen
og den blir avvikla sjølv om sola som oftast glimrar med
sitt fråver. I fjar var det kuling i kasta og det har også vore
snøstorm, minnast barnehagetilsette.**

**Tidspunktet for solfesten er litt tilfeldig men den er
alltid i februar.**



Denne vakre tradisjonen har den same regien frå år til år.
Ungane får utdelt sola av papir og togar til butikken der dei

syng solsongar.
Som regel er det Sol, sol, kom
igjen og Sol ute, sol inne og etter at det har fått
fortent applaus kjem serveringa som Kjersti stod for
denne gongen. Etter SPAR.visitten går turen
attende til barnehagen der festen held fram,

Og sola kjem nok, om ikkje akkurat i dag.

Foto: Ola Matti Mathisen

